

Kvartalsrapport

1-2009



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 1. kvartal 2009

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Egedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Egedom AS, SpareBank 1 Gol Egedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemder eigd av 16 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemndene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemder utgjer 3,1 mill. kroner. Dotterselskapa har mindre innverknad på konsernrekneskapen.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 3,4 mill. kroner som tilsvavar 0,23% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjar var 11,3 mill. kroner.

Netto rente- og kredittprovisisjonsinntekter utgjer 22,9 mill. kr mot 27,5 mill. i same periode i fjar. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,60%. På same tid i fjar var rentenettoen 2,15%. Hovudårsaken til inntektsreduksjonen er først og fremst rentenedgangen som har vore større enn venta, spesielt knytt til lån med referanserente. I tillegg er rentenivået så lågt at marginane mellom utlån og innskot er under sterkt press.

Netto andre driftsinntekter vart 6,7 mill. kr mot 9,4 mill. i same periode i fjar. Inntektsreduksjonen skuldast i hovudsak nedskrivning av aksjeporføljen med 2,6 mill. kr for urealisert tap.

Driftskostnadane viser ein auke frå 20,7 til 22,5 mill. kr og skuldast fleire tilhøve. Den største kostnadsauken er pensjonskostnader med 0,6 mill. Lønskostnader aukar som forventa med 0,4 mill. kr. Administrasjonskostnader og andre driftskostnader er om lag som i fjar. Eit unnatak er kostnadsføring av trykkekostnader for Ål bygdesoge med 0,5 mill., men der følgjer det med om lag tilsvaranande salsinntekter som inngår i andre driftsinntekter.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 2,6 mill. kr, og er meir enn forventa. Banken har konstatert om lag 0,5 mill. som tap hittil i år. Resterande tapskostnad er auke i gruppevis nedskrivningar med 2 mill. kroner.

Kvartalsresultatet er ikkje tilfredsstillande og ikkje som forventa. Rentenettoen har falle meir enn ein hadde rekna med samstundes som framleis nedskrivning av aksjeporføljen har vore nødvendig.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 5.762 mill. kr. Forvaltningskapitalen har auka med 10,7% siste 12 månader. Frå årsskiftet er den redusert med 1,4%

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal er 4.691 mill. kr, noko som er 104,8 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 2,3% siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 10,2% siste 12 månader. På privatmarknaden er utviklinga -2,6%. Tek ein med overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt, er auken i privatmarknaden 5,4%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 41,9% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 58,1%. Av utlån til privatkundar

er 62,5% til lokalmarknaden i Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 91% til kundar i lokalmarknaden. Overført volum til SpareBank 1 Boligkreditt AS utgjer ved utgangen av kvartalet 295,1 mill. kr og er ikkje med i balansetala. Reell utlånsvekst inkludert desse låna er difor 7,2%.

Sum engasjement som er misleghalte lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 103,9 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 2,2% av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 28,5 mill. kr per 1. kvartal og er ein auke på 2 mill. frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 275,6 mill. kr (sertifikat, obligasjonar, aksjar som inngår i handelsporteføljen). Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 246,9 mill. kr. Norske og utanlandske aksjar er bokført til 28,7 mill. etter nedskrivning for urealisert tap på 8,0 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 94,6 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.315 mill. kr, og er ein auke på 517,7 mill. frå same tid i fjar. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 18,5%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 70,7% mot 61,0% på same tid i fjar.

Banken må finansiere ein god del av utlån med innlån i marknaden. Ved utgangen av kvartalet har banken 7 obligasjonslån på til saman 1.290 mill. kr. Samla ekstern finansiering utgjer 1.682 mill. kr. Av dette har 917 mill. kr løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kr i kommiterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,08% ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Banken opplever ein auke i misleghaldet frå bedriftskundar. Dette er eit varsel om at verksemder opplever tyngre tider. Banken følgjer utviklinga tett og har auka nedskrivning av utlånsporteføljen ein god del dei siste 3 kvartala.

Me har lagt bak oss ein vinter med jamt over mange besökande i vår region. Dette gjer at den reiselivsrelaterte delen av næringslivet bør stå godt rusta til å møte vanskelegare tider.

I ein fallande rentemarknad opplever banken lågare rentenetto. Når rentenivået flatar ut er det viktig å ha fokus på å oppretthalde inntektsnivået framover. Banken opplever ei positiv utvikling i andre inntekter som er både venta og som me trur vil halde fram.

Banken hadde mot slutten av fjoråret ei markert betring i innskotsdekninga. Dette har ført til at banken har ein god eigenfunding og god likviditet i ei tid der likviditetstilgangen har ein høg pris.

Ved inngangen til året var uvissa omkring resultatutviklinga i 2009 stor. Denne uvissa er endå større no enn for nokre månadar sidan. Renteutviklinga vil ha mykje å seie for banken sitt resultat i 2009.

Hallingdal, 31.03.09/28.04.09

Kjell Vidar Bergo Kjell R. Kristiansen Vidar Isungset
Formann Nestformann
Sissel Bjørøen Sissel Skrindo Mikael Fønhus Cathrine Fegth

Resultatrekneskap 1. kvartal 2009

Tal i hele 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 08	1. kvt. 08	1. kvt. 09	31.03.08	31.03.09		31.03.09	31.03.08	1. kvt. 09	1. kvt. 08	Året 08
377 315	85 164	75 984	85 164	75 984	Renteinntekter og liknande inntekter	75 063	83 835	75 063	83 835	371 231
263 856	57 671	53 053	57 671	53 053	Rentekostnader og liknande kostnader	53 079	57 716	53 079	57 716	263 653
113 459	27 493	22 931	27 493	22 931	Netto rente- og provisjonsinntekter	21 984	26 119	21 984	26 119	107 578
-2 070	2 740	555	2 740	555	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	3 525	1 116	3 525	1 116	-6 912
27 140	5 984	8 122	5 984	8 122	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	8 122	5 984	8 122	5 984	27 140
2 254	438	434	438	434	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	434	438	434	438	2 254
-829	541	-2 493	541	-2 493	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	-2 493	1 212	-2 493	1 212	-829
1 871	536	923	536	923	Andre driftsinntekter	4 381	6 531	4 381	6 531	14 347
23 858	9 363	6 673	9 363	6 673	Sum andre inntekter	13 101	14 405	13 101	14 405	31 492
137 317	36 856	29 604	36 856	29 604	Sum driftsinntekter	35 085	40 524	35 085	40 524	139 070
70 160	15 884	17 209	15 884	17 209	Løn og generelle administrasjonskostnader	19 625	18 195	19 625	18 195	78 584
1 338	311	375	311	375	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	1 672	1 981	1 672	1 981	7 124
20 700	4 458	4 919	4 458	4 919	Andre driftskostnader	3 405	3 321	3 405	3 321	16 057
92 198	20 653	22 503	20 653	22 503	Sum driftskostnader	24 702	23 497	24 702	23 497	101 765
45 119	16 203	7 101	16 203	7 101	Resultat før tap	10 383	17 027	10 383	17 027	37 305
12 537	803	2 626	803	2 626	Tap på utlån, garantiar mv	2 626	803	2 626	803	12 537
0	0	0	0	0	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	0	0	0	0	2 118
32 582	15 399	4 475	15 399	4 475	Resultat etter tap	7 757	16 224	7 757	16 224	22 650
13 149	4 100	1 100	4 100	1 100	Skatt på ordinært resultat	1 265	4 229	1 265	4 229	12 775
19 433	11 299	3 375	11 299	3 375	Resultat av ordinær drift etter skatt	6 492	11 995	6 492	11 995	9 875
0	0	0	0	0	Minoritetens andel	6	25	6	25	-45
19 433	11 299	3 375	11 299	3 375	Resultat	6 486	11 970	6 486	11 970	9 920

Nøkkeltal

	MORBANK			
	1. kvt. 09	1. kvt. 08	Året 08	Norm 08
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	1,60	2,15	2,08	
Driftskostnader i % av driftsinntekter	76,01	56,04	67,14	65,09
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,57	1,62	1,69	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	2,59	9,11	4,68	4,63
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	1,95	6,70	2,79	2,56
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,05	0,02	0,27	0,37
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	2,28	18,17	1,07	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	18,51	12,22	21,94	8,49
Innskot i % av brutto utlån	70,66	60,98	71,05	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	10,68	21,62	15,62	11,19
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	677 556	661 885	677 656	
Kapitaldekning	17,08	17,15	17,8	15,94
Eigenkapitalprosent	11,93	13,06	11,70	8,28
Nedskriving i % av brutto utlån	0,61	0,36	0,58	0,76
Berek.grunnlag i % av forvaltningskapital	64,83	62,83	65,15	54,26

Balanse per 31. mars 2009 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.08	31.03.08	31.03.09	EIGEDELAR	31.03.09	31.03.08	31.12.08
142 792	20 396	129 443	Kontantar og fordringar på sentralbankar	129 443	20 396	142 792
679 490	222 294	535 942	Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	535 942	222 294	679 596
4 615 508	4 586 678	4 691 482	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 589 157	4 496 446	4 514 369
-7 305	-5 301	-7 338	- Individuelle nedskrivningar	-7 338	-5 301	-7 305
-19 200	-11 200	-21 200	- Gruppevis nedskrivningar	-21 200	-11 200	-19 200
4 589 003	4 570 177	4 662 943	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 560 619	4 479 945	4 487 864
243 998	242 388	246 846	Sertifikat, obligasjoner og andre rentebær. v.papir	246 846	242 388	243 998
64 852	74 857	51 865	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkasting	52 863	105 558	65 845
298	0	48 761	Eigarinteresser i tilknytta selskap	69 156	0	14 706
22 546	24 670	22 693	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
48 761	0	298	Immatrielle egedelar	14 375	17 695	66 039
9 156	8 655	9 230	Varige driftsmidlar	102 371	95 057	102 021
10 513	11 885	16 602	Andre egedelar	16 603	15 642	10 513
32 657	30 623	37 163	Forskotsbetalingar og opprente inntekter	43 276	37 488	38 603
5 844 066	5 205 944	5 761 788	Sum egedelar	5 771 494	5 236 463	5 851 977
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
392 000	381 874	392 000	Gjeld til kreditinstitusjonar	390 577	386 050	392 919
3 279 502	2 797 179	3 314 871	Innskot frå og gjeld til kundar	3 296 100	2 793 168	3 273 173
1 424 449	1 265 198	1 289 617	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 289 617	1 265 197	1 424 449
30 881	24 709	17 272	Anna gjeld	20 978	24 770	20 022
19 818	44 634	46 441	Påkommne kostnader og forskotbetalte inntekter	47 942	45 728	22 472
13 535	12 353	14 431	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	19 412	12 544	18 466
5 160 185	4 525 947	5 074 632	Sum gjeld	5 064 626	4 527 457	5 151 501
0	0	0	Minoritetsinteresser	210	1 919	204
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	20 395	29 641	17 278
675 500	660 923	675 500	Annan eigenkapital	-1 321	-2 576	-887
8 381	7 774	8 281	Spårebanken sitt fond	675 499	660 923	675 500
0	11 299	3 375	Gåvefond	8 281	7 775	8 381
683 881	679 997	687 156	Resultat hittil	3 804	11 324	0
5 844 066	5 205 944	5 761 788	Sum eigenkapital	706 658	707 087	700 272
			Sum gjeld og eigenkapital	5 771 494	5 236 463	5 851 977
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
591 383	315 138	604 239	Betinga forpliktingar	604 239	315 138	591 383

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK			
1. kv. 09	1. kv. 08	Året 08	
103 926	34 619	144 439	
4 861	5 137	4 849	
99 065	29 482	139 590	
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån			
- individuell nedskriving			
NETTO MISLEGHALDNE LÅN			
IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	14 687	245	15 432
- individuell nedskriving	1 191	191	1 191
NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN	13 496	54	14 241
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR			
Endring gruppevis nedskriving	2 000	800	2 132
Endring individuell nedskriving	136	0	9 823
Konstatert tap i perioden	498	37	1 302
Inngått på tidl.konst. tap	-8	-34	-720
TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN	2 626	803	12 537

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål
Postboks 173
3571 Ål
Gol
Postboks 33
3551 Gol

Hemsedal
Postboks 23
3561 Hemsedal
Valdres
Postboks 183
2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL 